



Arkivnr: 2017/13729-1

Saksbehandlar: Karl Viken

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|---------------|--------|------------|
| Fylkesutvalet | | 24.08.2017 |

Rekneskapsrapport pr. juni 2017

Samandrag

I samsvar med rapporteringsrutinane legg fylkesrådmannen fram rapport om rekneskapsutviklinga etter 1. halvår 2017. Prognosene er eit negativt budsjettavvik i 2017 for Hordaland fylkeskommune på 23 mill. kr.

Prognosene skil seg i det store og heile lite frå det som låg i rapport for 1. tertial som vart handsama i fylkestinget i juni. Det vart då rekna med eit negativt avvik på 3 mill. kr. Av justeringar er prognosene for skatteinngang svakare enn det som vart lagt til grunn i juni. I tillegg er det noko endring på andre område; mellom anna opplæring, tannhelse og rentekostnadene. Dette vert det kort gjort greie for i rapporten.

Det er god kontroll på dei fleste budsjettområda. Samanlikna med i fjor er det gjennomgåande fleire avdelingar og område som melder ein årsprognose lik balanse, og avdelingane med avvik melder mindre avvik enn i fjor. Det vert arbeidd med tiltak på dei områda og i dei sektorane som pr. fyrste halvår ligg an til budsjettoverskridinger. Det er framleis mange utfordringar i den økonomiske situasjonen til fylkeskommunen, men det er likevel ikkje grunnlag for å frykta eit rekneskapsunderskot for 2017. Dette er grunna i prognosene pr. juni 2017, og at det er sett av midlar til finansiering av investeringar som kan strykast dersom det vert naudsynt.

Sjølv om prognosane så langt i år tilseier eit driftsresultat i 2017 nær balanse, vil fylkesrådmannen framleis ha fokus på kostnadsreduserande tiltak. Balanse, eller eit relativt lite budsjettavvik, ved slutten av året er bra, men vil ikkje i seg sjølv betre den økonomiske stoda til fylkeskommunen i tilstrekkeleg grad. Difor vil innarbeidning av varige kostnadsreduserande tiltak ha prioritet i siste halvdel av 2017, og i arbeidet med budsjettframlegget for 2018. Dette for å betre den økonomiske stillinga til fylkeskommunen, og for å handtera utfordringa med kostnadsauke i nye ferjekontraktar som får verknad frå 2018.

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet tek rekneskapsrapporten pr. juni 2017 til orientering.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 14.08.2017

Rapporteringsrutinane inneber at ein i tillegg til tertialrapportane til fylkestinga i juni og oktober, for høvesvis 1. og 2. tertial, skal rapportera til fylkesutvalet ved utgangen av månadane februar, juni og oktober. Fylkesrådmannen legg med dette fram rekneskapsrapporten pr. juni 2017.

Det vedlagde tabelloversynet, som viser rekneskapen etter 1. halvår, gjev ein peikepinn på utviklinga. Ved jamt forbruk gjennom heile året skal omlag 50% av budsjettet vera brukt ved halvårsskiftet. I hovudsak samsvarer rekneskapstala pr. juni med dette. På nokre område kan det variere noko kva tid på året store inntekts- og utgiftspostar vert ført. Eit døme er statlege tilskot til kultur og regional utvikling som kan koma inn i rekneskapen på andre tidspunkt enn tidspunktet midlane vert fordelt vidare. I desse tilfella vil det følgjelag førekoma mellombelse tekniske avvik mellom rekneskap og budsjett.

I 1. tertialrapport til fylkestinget i juni rapporterte fylkesrådmannen ein prognose for 2017 på 3 mill. kr. i underskot. For dei fleste budsjettområda er denne prognosen uendra, men justeringar for m.a. opplæring og tannhelse gjer at samla prognose er 23 mill. kr i negativt budsjettavvik.

Under følgjer ein kort gjennomgang av dei ulike sektorane og områda. Ein gjennomgang av driftsøkonomien, investeringar og eventuell trøng for budsjettjusteringar vil fylkesrådmannen kome attende til i 2. tertialrapportering pr. august som vert handsama i fylkestinget i oktober.

Status for dei ulike driftsområda

Sektorar utan større budsjettavvik pr. juni

Innanfor dei to sektorane Regional utvikling og Kultur og Idrett er det pr. d.d. liten risiko for større avvik i høve til budsjettet. Ut frå forbruk pr. juni og samanlikna med forbruk tidligare år ser det ikkje ut til å gå mot overskridinger på desse områda i 2017. Regionalavdelinga kan slik stoda er pr. juni få eit mindre positivt budsjettavvik for heile 2017, men førebels vert prognosene sett til balanse.

Politiske organ og administrasjon

Samla sett er det god kontroll på administrasjonsbudsjetta som gjeld politiske organ og fylkesadministrasjonen. Gjennomgåande er det merksemd på kontinuerleg forbetring og gevinstrealisering, og ein reknar med at ein kan handtera dei vedtekne innsparingane på dette området. I tråd med budsjettvedtak for 2017 er ein godt i gang med å redusera kostnadane til reiseverksemd og til konsulentkjøp. Årsprognosene er balanse ved slutten av året.

Eigedom

Eigedomsavdelinga rapporterer om balanse i økonomien i 2017. Årsprognosene inneholder ikkje, slik det ser ut no, vesentlege avvik i høve til det totale budsjettet. Størst risiko er det knytt til ledige lokale og husleigeavtalar i skulesektoren. I tillegg får ein noko auka kostnader til drift av Bystasjonen i samband med gjennomføringa av sykkel-VM. I beste fall vil ein kunne oppnå eit positivt budsjettavvik grunna meirinntekt frå utleige, innsparing på forsikringar og mindreforbruk knytt til reinhald og vakansar.

Samferdsel

I 1. tertialrapport var prognosene for året eit positivt budsjettavvik på 23 mill. kr. Positive moment i sektoren var at talet på reisande var aukande og at inntektssida var høg. Kollektivtransport har ein samla positiv prognose på 30 mill. kr, og individuelt tilrettelagt skuleskyss er området som bidreg mest i positiv retning. For vegvedlikehaldet vart det meldt om eit mindre meirforbruk i 2017, og ein har ikkje nye opplysningar som endrar denne prognosene. Eit usikkert moment er kostnadene og inntekter knytt til gjennomføring av sykkel-VM.

Fylkesrådmannen er nøgd med den økonomiske stoda innanfor kollektivtransporten. Framleis held ein fast på førre prognose pr. april som tilsa eit negativt avvik for fylkesvegvedlikehald på 7 mill. kr og positivt avvik for kollektivtransporten på 30 mill. kr. Samla sett for samferdselsområdet vert då årsprognosene pr. 1. halvår framleis eit positivt resultat på 23 mill. kr.

Tannhelse

For tannhelsesektoren syner tala eit negativt budsjettavvik etter fyrste halvår av 2017. Budsjettet for 2017 er stramt, og fylkestannlegen meldte pr. 1. tertial ein negativ årsprognose på 15 mill. kr.

Som i 2016 er det risiko rundt økonomien ved TK Vest i 2017. Sjølv om det er fleire år sidan senteret opna, har ikkje økonomien for senteret sett seg. Senteret har fått budsjettstyrking, men prognosene tyder på at denne ikkje er tilstrekkeleg. Fylkestannlegen har sett i verk ulike tiltak; mellom anna redusert kostnaden av bonusordninga til tannpleiarar. I tillegg er fleire rutinar på økonomiområdet endra og forbetra.

Desse momenta vert nærmare gjennomgått i 2. tertialrapport. Fylkesrådmannen legg i hovudsak til grunn prognosene som vart sett ved 1. tertial, men tala har betra seg noko og årsprognosene vert justert til eit negativt årsresultat på 10 mill. kr.

Opplæring

Årsprognosene pr. juni for opplæringssektoren er ei budsjettoverskridning på samla sett på 43 mill. kr. I denne prognosene ligg det at skulane vil levere eit negativt resultat på 21,5 mill. kr. Av denne summen utgjer inndekking av underskot frå tidlegare år vel 19 mill. kr. Den årlege drifta ved dei vidaregåande skulane er dermed langt på veg i balanse. Utover skulekapitlet ligg det an til underskot på same sum - 21,5 mill. kr. Område med negativt resultat er mellom anna vaksenopplæring, lærlingtilskot og fagprøvar. Prognosene pr. 2. kvartal er noko dårlegare enn ved 1. tertial då prognosene var 26 mill. kr i negativt budsjettavvik. Då var prognostisert negativt resultat for skulane 16 mill. kr.

Fylkesrådmannen vil koma attende med ein grundigare prognose for sektoren etter 2. tertial. Viktige område vil framleis vera samla resultat for skulane, vaksenopplæring, fagopplæringstilbod og inntakstala for skuleåret 2017/ 2018.

Skatt og rammetilskot

Ser ein på faktisk skatteinngang pr. utgangen av juni, og korrigerer for inntektsutjamning, har skatteinngangen vore noko lågare enn det som var budsjettet. Grunna denne negative utviklinga i skatteinngangen sidan førre rapportering vert det ei justering av årsprognosene på dette området pr. juni; frå balanse til eit negativt avvik på 10 mill. kr.

I revidert nasjonalbudsjett vart overslaget for dei samla skatteinntektene i kommunesektoren redusert med 700 mill. kr. Så langt i 2017 har ein observert ein mindre nedgang i skatteinntektene i Hordaland fylkeskommune enn dette scenarioet skulle tilseie, men fylkesrådmannen vil følgja utviklinga nøye.

Renter og avdrag

Pengemarknadsrentene har vore særslig låge dei siste månadene. Kommunalbanken reduserer sine rentesatsar frå 1. august. Det er sannsynleg at det går mot ei innsparing på om lag 2 mill. kr i 2017.

Konsesjonskraftinntekter

Det er budsjettet med netto inntekt på 40 mill. kr frå sal av konsesjonskraft i 2017. Marknadsprisen på kraft tok seg noko opp i fjor haust. Prognosene for 2017 er at ein vil kome over 50 mill. kr i netto inntekt, dvs. minst 10 mill. kr betre enn budsjettet.

Fellesfunksjonar/ Lønsavsetjing/ Pensjon

Det vart i vår oppnådd semje i dei sentrale lønsforhandlingane for kommunesektoren. KS har rekna ut årslønsveksten 2016-2017 til 2,4 %. På lønsavsetjingskontoen er det budsjettet med ein lønsvekst på 2,7 %. Dette tilseier ei innsparing på om lag 9 mill. kr for HFK, i høve til det som vart teke høgde for i budsjettet.

Det vert pr. juni lagt til grunn at berekningane til pensjonsleverandørane KLP og Statens Pensjonskasse i hovudsak vil halde seg. KLP har meldt inn prognose for 2017 som tyder på ein meirkostnad på 4 mill. kr for pensjonskostnadene. Prognosene vert dermed eit negativt budsjettavvik på dette området lik denne meirkostnaden; 4 mill. kr.

Netto ser det dermed ut til å gå mot ei innsparing på 5 mill. kr på dette feltet.

Oppsummering

Alle sektorar og område oppsummert gjev ein årsprognose for 2017 lik eit meirforbruk på 23 mill. kr; som vist i tabellen nedanfor. Etter 1. tertial var den smala prognosene eit underskot på 3 mill. kr.

Tabell med status pr. 30. juni etter funksjonsgruppe (tal i heile tusen)

| | Rekneskap | | | Forbruk i % av årsbud | Prognose budsj.avvik | Rekneskap juni. 2016 | Prognose pr. 1. tertial |
|--|----------------|------------------|---------------|--------------------------|-------------------------|-------------------------|-------------------------------|
| | juni 2017 | Årsbud. | av årsbud | | | | |
| Politisk, kontroll, fylkesrådm. | | | | | | | |
| Kostnader: | 42 067 | 58 37 | 72,1 % | | | 39 078 | |
| Inntekter: | -2 993 | -2 562 | 116,8 % | | | -2 607 | |
| Netto | 39 075 | 55 809 | 70,0 % | | 0 | 36 471 | 0 |
| Eigedom | | | | | | | |
| Kostnader: | 126 789 | 258 129 | 49,1 % | | | 79 720 | |
| Inntekter: | -34 129 | -36 159 | 94,4 % | | | -23 880 | |
| Netto | 92 660 | 221 970 | 41,7 % | | 0 | 55 840 | 0 |
| Økonomi- og organisasjonsavd. | | | | | | | |
| Kostnader: | 77 916 | 170 700 | 45,6 % | | | 75 027 | |
| Inntekter: | -7 761 | -11 300 | 68,7 % | | | -7 931 | |
| Netto | 70 155 | 159 400 | 44,0 % | | 0 | 67 096 | 0 |
| Regional utvikling | | | | | | | |
| Kostnader: | 159 114 | 209 676 | 75,9 % | | | 95 843 | |
| Inntekter: | -90 761 | -119 746 | 75,8 % | | | -121 811 | |
| Netto | 68 353 | 89 930 | 76,0 % | | 0 | -25 968 | 0 |
| Samferdsel | | | | | | | |
| Kostnader: | 1 530 911 | 3 104 072 | 49,3 % | | | 1 473 397 | |
| Inntekter: | -696 417 | -1 201 968 | 57,9 % | | | -779 131 | |
| Netto | 834 493 | 1 902 104 | 43,9 % | | 23 000 | 694 266 | 23 000 |
| Kultur og idrett | | | | | | | |
| Kostnader: | 218 768 | 373 002 | 58,7 % | | | 167 998 | |
| Inntekter: | -25 500 | -163 165 | 15,6 % | | | -66 238 | |
| Netto | 193 267 | 209 837 | 92,1 % | | 0 | 101 760 | 0 |
| Tannhelse | | | | | | | |
| Kostnader: | 159 946 | 310 209 | 51,6 % | | | 162 516 | |
| Inntekter: | -55 991 | -105 985 | 52,8 % | | | -65 797 | |
| Netto | 103 954 | 204 224 | 50,9 % | | -10 000 | 96 719 | -15 000 |
| Opplæring | | | | | | | |
| Kostnader: | 1 282 552 | 2 988 304 | 42,9 % | | | 1 537 765 | |
| Inntekter: | -186 234 | -259 969 | 71,6 % | | | -309 979 | |

| | | | | | | |
|------------------------------------|-------------------|-------------------|----------------|----------------|-------------------|----------------|
| Netto | 1 096 318 | 2 728 335 | 40,2 % | -43 000 | 1 227 786 | -26 000 |
| Skatt og rammetilskot | | | | | | |
| Inntekter: | -3 460 511 | -6 370 000 | 54,3 % | | -3 398 596 | |
| Netto | -3 460 511 | -6 370 000 | 54,3 % | -10 000 | -3 398 596 | 0 |
| Renter og avdrag | | | | | | |
| Kostnader: | 81 473 | 751 000 | 10,8 % | | 90 342 | |
| Inntekter: | -16 479 | -33 000 | 49,9 % | | -25 164 | |
| Netto | 64 994 | 718 000 | 9,1 % | 2 000 | 65 178 | 0 |
| Kraftinntekter | | | | | | |
| Kostnader: | 25 158 | 50 000 | 50,3 % | | 30 646 | |
| Inntekter: | -68 218 | -111 000 | 61,5 % | | -62 982 | |
| Netto | -43 060 | -61 000 | 70,6 % | 10 000 | -32 336 | 10 000 |
| Lønsavsetjing, pensjon m.m. | | | | | | |
| Kostnader: | 37 755 | 310 775 | 12,1 % | | -383 | |
| Inntekter: | -107 078 | -170 273 | 62,9 % | | -19 914 | |
| Netto | -69 323 | 140 502 | -49,3 % | 5 000 | -20 297 | 5 000 |
| NETTO FYLKESKOMMUNEN | | | | | | |
| TOTALT | -1 009 624 | -889 | | -23 000 | -1 132 081 | -3 000 |

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.08.2017

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet tek rekneskapsrapporten pr. juni 2017 til orientering.